

MØTEBOK - TITTELBLAD - KOMMUNESTYRET

Møtestad: TINGSALEN	Møtedato: 17. JUNI 2010	Frå kl.: 1300	Til kl.: 1655
Møteleiar:	Ordførar Olav Lunden		
Møteinnkalling: (kunngjering):	Sendt medlemmer og varamedlemmer 11.06.10 Kunngjort i Sogn Avis 12.06.10 og på kommunen si heimeside.		
Representantar som er borte:	Birte Fossheim Janne Sørum Arne Monrad Johnsen		
Vararepresentantar som er til stades:	Geir Morten Skorpen Johannes Hamre Ole Simen Nesdal		
Til stades:	I alt: 17	Av desse 3 vararepresentantar	
	Merknader:		
Andre frammøtte:	Rådmann Odd Arve Rakstad Nærings- og utviklingssjef Per Holen Oppvekst- og omsorgssjef Gunnar Steine		
Saker som vart handsama:	Sak nr./år (f.o.m.-t.o.m.): 34/10-51/10		
Merknader til møteboka:	Liv Bulling søkte permisjon frå kl. 15.30. Søknaden vart innvilga. Steinar Fredheim søkte permisjon frå kl. 16.00. Søknaden vart innvilga.		
Vi stadfestar med underskriftene våre at vedtaka er ført i samsvar med det som vart fastsett i møtet:	Olav Lunden (sign.) Monica Åsnes (sign.) Tobias Dahle (sign.)		

MØTEPROTOKOLL

Kommunestyret

Møtestad: **Tingsalen**

Møtedato: **17.06.2010** Tid: **13.00**

SAKLISTE:

**Sak nr. Arkivsak nr.
Tittel**

- 34/10 09/459
Avtale om interkommunalt samarbeid om brann- og redningstenestene
- 35/10 10/423
Ny brannbil og brannstasjon - tilleggsloyving
- 36/10 10/242
Selskapsavtalen i SIMAS IKS
- 37/10 10/56
Årsmelding 2009 for Leikanger kommune
- 38/10 10/320
Rekneskapen - 2009
- 39/10 10/425
Rekneskapsrapport 2010 - 1.tertial
- 40/10 09/305
Reguleringsendring for Nybø bustadområde -godkjenning
- 41/10 10/30
Reguleringsendring for BAMA-tomta - godkjenning
- 42/10 09/538
Klage på vedtak i K-sak 25/10 - frådeling av bustadtomt på Njøs
- 43/10 09/575
Klage på vedtak i K-sak 22/10 - hytte på Troøyri i Fjærlandsfjorden
- 44/10 10/16

Søknad om mellombels fritak frå verv i Leikanger kommune

- 45/10 10/20
Helsetenesta - ny lokalisering
- 46/10 10/64
Klage på vedtak i K-sak 23/10 - søknad om avkøyrse
- 47/10 10/345
Mellombels felles kommunal oppreisningsordning i Sogn og Fj for omsorgssvikt/overgrep mot barn under kommunal omsorg
- 48/10 10/397
Kontrollutvalet - forlenga avtale sekretariat
- 49/10 10/401
Årsmelding kontrollutvalet 2009
- 51/10 10/389
Budsjettrammer 2011. Grunnlag for økonomiplan 2011-2014.
- 50/10 10/424
Orienteringar

Avtale om interkommunalt samarbeid om brann- og redningstenestene

VEDTAKET lyder slik, samr.:

- 1) Kommunestyret sluttar seg til avtale om interkommunalt samarbeid innan brannområdet på slike føresetnader:
 - a) Samarbeidet skal omfatte alle deltenestene innan brannområdet.**
 - b) Samarbeidet skal organiserast som eit IKS-selskap.**
 - c) Kontorstad for fellesadministrasjon skal vere i Sogndal.**
 - d) Tilsette som arbeider i brannordninga i kommunane i dag bør tilbydast overgangsordningar der dei dels kan arbeide i selskapet heimafrå/frå heimkommunen, ev og i delstilling i selskapet.**
 - e) Kostnadsfordelinga mellom kommunane skal basere seg på eit sett av kostnadsnøklar for dei ulike områda slik det framgår av (førebels) tabell 6.4.1.**
 - f) Det skal gjennomførast ei taksering av inngangsverdiane i samarbeidet med ev utlikning via eit reguleringsfond.**
 - g) Kvar kommune skal syte for tilfredstillande lokale for brannstasjon i eigen kommune som skal stillast kostnadsfritt til disposisjon for IKS'et.****
- 2) Kommunestyret godkjenner at det vert lyst ut og tilsett leiar for samarbeidet (brannsjef). Mynde for tilsetjing vert lagt til rådmannen i Sogndal.**
- 3) Det skal arbeidast vidare med utarbeiding av etableringsavtale for samarbeidet, inkludert selskapsavtale for IKS'et og planlegging av oppstart og drift.**
- 4) Det skal arbeidast vidare med å avklare kva andre oppgåver som skal leggjast inn i samarbeidet. Utvida tilsyn byggesak er førebels eit prioritert område.**
- 5) Kommunestyret vil vedta endeleg etableringsavtale og selskapsavtale for IKS'et hausten 2010. Kommunestyret legg til grunn at det nye samarbeidet kan startast opp frå 01.01.11.**
- 6) Dette vedtaket er gjort under føresetnad av likelydande vedtak i Balestrand, Luster, Sogndal og Vik kommunar.**

35/10

Ny brannbil og brannstasjon - tilleggsøyving

VEDTAKET lyder slik, samr.:

Rådmannen får fullmakt til å inngå avtale om kjøp av brukt brannbil innafor ei økonomisk ramme på kr.610.000,- eks. mva samt kr.140.000,- eks. mva for tilpassa brannutstyr, samla kr.750.000,- eks. mva.

Det vert avsett kr.100.000,- eks. mva for riving/sanering av gamal brannstasjon.

Tilleggsøyvinga på kr.400.000 vert dekkja av sal av tomter i Lundene.

36/10

Selskapsavtalen i SIMAS IKS

VEDTAKET lyder slik, samr.:

Leikanger kommunestyre vedtek at § 3 i selskapsvedtekene for SIMAS blir endra slik:

”Representantskapen er selskapet sitt øvste organ. Kvart kommunestyre i eigarkommunane oppnemnder ein representant med vararepresentant for valperioden til representantskapen i SIMAS IKS. Representantskapen vel leiar og nestleiar. Desse vert valde for to år. Rådmennene har møte- og talerett.”

37/10

Årsmelding 2009 for Leikanger kommune

VEDTAKET lyder slik, samr.:

Kommunestyret tek framlagd årsmelding for 2009 til orientering.

38/10

Rekneskapen - 2009

VEDTAKET lyder slik, samr.:

Kommunestyret vedtek :

1. Årsrekneskapen for 2009 blir vedteken slik den er framlagt.
2. Overskotet på kr 16 494 219,50 blir disponert på følgjande måte:

- Avsetjing til ubunde driftsfond
"sal av aksjer S.kraft, for å fylle opp at fondet, kr 4 774 347,98
 - Avsetjing "Kursreguleringsfond" (bufferfondet) " 10 000 000,00
 - Avsetjing "disposisjonsfond" " 1 719 871,52
kr 16 494 219,50
-

39/10

Rekneskapsrapport 2010 - 1.tertial

VEDTAKET lyder slik, samr.:

Kommunestyret tek tertialrapporten til vitande

40/10

Reguleringsendring for Nybø bustadområde -godkjenning

VEDTAKET lyder slik, samr.:

Leikanger kommunestyre godkjenner i medhald av §12-12 i Plan- og bygningslova privat framlegg til reguleringsendring av 14.08.09 for Nybø bustadområde.

41/10

Reguleringsendring for BAMA-tomta - godkjenning

VEDTAKET lyder slik, samr.:

Leikanger kommunestyre godkjenner i medhald av §12-12 i Plan- og bygningslova privat framlegg til reguleringsendring av 10.02.10, revidert 09.06.10, for BAMA-tomta.

42/10

Klage på vedtak i K-sak 25/10 - frådeling av bustadtomt på Njøs

HANDSAMING:

Framlegg frå representanten Arild Fossøy (A):

Leikanger kommunestyre tek ikkje klagen frå landbruksavdelinga hjå fylkesmannen til fylgje. Leikanger kommunestyre finn å halde fast på vedtak i sak 25/10.

Prøverøysting:

Framlegget frå representanten Arild Fossøy (A) vart sett opp mot tilrådinga frå rådmannen.

Tilrådinga frå rådmannen fekk 9 røyster

Framlegget frå representanten Arild Fossøy (A) fekk 8 røyster._

Avrøysting:

Ved avrøystinga vart tilrådinga frå rådmannen sett opp mot framlegget frå representanten Arild Fossøy (A)

VEDTAKET lyder etter dette slik, med 9 mot 8 røyster:

Leikanger kommunestyre tek klagen frå Landbruksavdelinga hjå Fylkesmannen til fylgje og opphevar vedtaket i sak 25/10.

Leikanger kommunestyre gjer slikt nytt vedtak i saka:

Leikanger kommunestyre finn ikkje at det i denne saka ligg føre klart større fordeler enn ulemper.

Kommunestyret finn såleis ikkje å kunne gi dispensasjon som omsøkt.

Representanten Liv Bulling (A) fekk permisjon. Kommunestyret vart sett med 16

representantar.

43/10

Klage på vedtak i K-sak 22/10 - hytte på Troøyri i Fjærlandsfjorden

VEDTAKET lyder slik, samr.:

Leikanger kommunestyre har vurdert klagen frå Miljøvernavinga hjå Fylkesmannen. Kommunestyret ser kulturlandskapsverdiane som det mest verdifulle ved saka, og er ikkje samd i at privatiseringa av området aukar med den omsøkte hytta.

Leikanger kommunestyre finn å halda fast på vedtaket i sak 22/10.

44/10

Søknad om mellombels fritak frå verv i Leikanger kommune Astri Taklo

VEDTAKET lyder slik, samr.:

- 1. Astri Taklo vert gjeve fritak frå og med 1.7.2010 og fram til til 31.12.2010.**
- 2. I same perioden rykkjer Janne Sørum opp som fast representant i kommunestyret.**
- 3. I same perioden rykkjer Jarle Bøyum opp som fast representant i formannskapet.**
- 4. I same perioden rykkjer Jan Sigurd Haugen opp som fast representant i Rådet for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne.**
- 5. I same perioden vert som nytt varamedlem til styret for Leikanger reiselivslag valt Dina Lefdal**
- 6. I same perioden vert som nytt medlem til forhandlingsutvalet for leiargruppa i Leikanger kommune valt Steinar Fredheim**

45/10

Helsetenesta - ny lokalisering

VEDTAKET lyder slik, samr.:

Kommunestyret vedtek å gå vidare med planlegging for flytting av helsesenteret til Leikanger sjukeheim i tråd med arbeidsgruppa sin konklusjon.

Det vert løyvd kr. 200.000,- til utarbeiding av anbodsgrunnlag for helsesenteret. Løyvinga vert dekkja frå disposisjonsfondet.

Kommunestyret vil i samband med utarbeiding av årsbudsjettet for 2011 og revisjon av økonomiplanen for 2011-2015 i desember månad, kunne ta stilling til om det skal avsetjast investeringsmidlar til tiltaket. Kommunestyret bør samtidig ta stilling til om det skal avsetjast investeringsmidlar til bygging av omsorgsbustader i økonomiplanperioden.

46/10

Klage på vedtak i K-sak 23/10 - søknad om avkøyrsløse

VEDTAKET lyder slik, samr.:

Leikanger kommunestyre har vurdert dei faktorane som Statens vegvesen har lagt inn i sin klage.

Leikanger kommunestyre har konkret vurdert den aktuelle søknaden og finn etter ei samla vurdering at fordelene med å gi dispensasjon er klart større enn ulempene.

Leikanger kommunestyre finn difor å halda fast på vedtaket i sak 23/10.

47/10

Mellombels felles kommunal oppreisningsordning i Sogn og Fjordane for omsorgssvikt/overgrep mot barn under kommunal omsorg

VEDTAKET lyder slik, samr.:

Leikanger kommune sluttar seg til felles kommunal oppreisningsordning i Sogn og Fjordane for barn som vart utsett for overgrep eller omsorgssvikt under

kommunal omsorg før 1. januar 1993, i samsvar med framlegg til samarbeidsavtale og vedtekter frå ei arbeidsgruppe oppnemnd av KS Sogn og Fjordane datert 28. april 2010.

Leikanger kommune ønskjer med si tilslutnad til denne oppreisingsordninga å ta eit moralsk ansvar for, og gi ei oppreising og ei orsaking utan atterhald til, personar som då dei var barn og under kommunal omsorg vart utsett for overgrep eller omsorgssvikt i institusjon, fosterheim eller under anna plassering.

48/10

Kontrollutvalet - forlenga avtale sekretariat

VEDTAKET lyder slik, samr.:

**Kommunestyret vedtek å nytte retten til å forlenge eksisterande avtale med PriceaterhouseCoopers fram til 31.12.2012 for å ivareta sekretariatsfunksjonen for kontrollutvalet i Leikanger.
Ordførar får fullmakt til å underteikne endeleg avtale om forlenging.**

49/10

Årsmelding kontrollutvalet 2009

HANDSAMING:

Framlegg frå ordførar Olav Lunden (A):
Leikanger kommunestyre tek årsmeldinga frå kontrollutvalet til vitande.

VEDTAKET lyder etter dette slik, samr.:

Leikanger kommunestyre tek årsmeldinga frå kontrollutvalet til vitande

Representanten Steinar Fredheim fekk permisjon. Kommunestyret vart sett med 15 representantar.

51/10

Budsjettrammer 2011. Grunnlag for økonomiplan 2011-2014.

VEDTAKET lyder slik, samr.:

Budsjettramme for 2011 vert vedteke slik det er vist i driftsoversikten med bruk av kr. 216.000 frå frie fond til saldering av budsjettet.

50/10

Orienteringar

TEMA:

- 1. Brev av 05.05.10 frå Fredrik Svanevik til Leikanger kommune med e-mailkopi til medlemne i kommunestyret. Brev av 17.02.10 frå Leikanger kommune til adv. Ytterbøl & Co as (vedlagt)
Administrasjonen orienterte om status i saka.**
- 2. Brev av 21.05.10 frå Hjedl grendalag til Leikanger kommune (vedlagt)**
- 3. Rapport frå RO – ressurscenter for omstilling i kommunane, vedkomande Leikanger-skulen. Orientering v/Møyfrid Hallset. Rapporten vart utdelt i møtet.**
- 4. Spørsmål frå representanten Arild Fossøy (A)**
 - a) Om mangelfull bruk av heimesida til kommunen.**
 - b) Framdrift vedkomande vasslekasjar på vassnettet i kommunen
Rådmannen orienterte.**
- 5. Spørsmål frå representanten Dina Lefdal (V) vedkomande oppfølging av sak K28/10.
Rådmannen orienterte**
- 6. Om bibliotektenesta i kommunen.
Rådmannen orienterte.**
- 7. Om utbygginga av Coop – Prix på Hermansverk
Rådmannen orienterte.**

Interpellasjon – reetablering av sentrumsgruppa

Interpellasjon – etablering av utviklingsprosjekt

Til: **Leikanger kommune v/ ordførar Olav Lunden**

Frå: **Kommunestyrerepresentant Tobias Dahle**

Dato: 26. mai 2009

INTERPELLASJON - REETABLERING AV SENTRUMSGRUPPA

Første steg av sentrumsplassen i Leikanger er i ferd med å kome på plass. Arealet mellom parkeringsplassen utanfor Leikangerhallen og ned mot riksveg 13 skal opparbeidast sommaren/hausten 2010. I all hovudsak skjer dette med bruk av eksterne midlar, den kommunale eigendelen er liten.

Eg meiner at dette berre er 1. steg i arbeidet med å få etablert Leikanger sentrum. Vidare etappar er sjølve riksvegen, arealet utanfor bankbygget, Schrøder tomte m.v. Det bør og vere eit langsiktig mål at det blir etablert ein tursti langs strandlinja i Leikanger sentrum slik Sogndal kommune er i ferd med å gjere. Ein sti langs den nedste delen av Henjaelvi kan òg vere aktuell.

I november 2007 blei ei arbeidsgruppe/sentrumsgruppe oppnemnd av kommunestyre for å sjå på planlegginga av nye Leikanger sentrum. Gruppa avslutta sitt arbeid hausten 2008 etter at nødvendig plangrunnlag var utarbeidd inkludert anbodspapir for første etappen.

Eg ber difor Leikanger kommunestyre gjere følgjande vedtak:

1. Sentrumsgruppa blir etablert på nytt. Gruppa skal ha 6 medlemmar av desse 3 politikarar. Dei 3 andre skal hentast frå lag, organisasjonar og næringsliv. Leiaren i gruppa skal vere politikar.
2. Sentrumsgruppa får i oppgåve å sjå på / vurdere vidare utbygging og opprusting av sentrumsplassen, t.d. etablering av turveg langs strandlinja i Leikanger sentrum i samsvar med tidlegare utarbeidd sentrumsanalyse. Kommunestyret skal orienterast regelmessig om arbeidet i gruppa.
3. Det kan nyttast ekstern fagkompetanse til arbeidet avgrensa til kroner 300.000,- eks mva
4. Arbeidet til gruppa skal evaluerast av kommunestyret seinast januar 2012.

Tobias Dahle
Kommunestyrerepresentant

Kommunestyremøte 17. juni 2010.

Svar på interpellasjon – Reetablering av sentrumsgruppa – framsett av kommunestyrerepresentant Tobias Dahle av 26.mai 2010

Den tidlegare sentrumsgruppa gjorde ein god jobb og fekk fram ein sentrumsanalyse for heile strekninga Sognefjord hotell – Skeidesvingen.

Dei arbeidde vidare fram ein detaljplan for sentrumsplassen, og det er gjort vedtak i kommunestyret om utbygging av dette område. Den nødvendige finansieringa er på plass og arbeidet startar opp 02. august 2010.

Vidare arbeid i sentrum er heilt avhengig av at kommunestyre avset og eller skaffar midlar til eit slikt arbeid. Skal ein søka eksterne midlar må det ligga føre eit framlegg til utbyggingsplanar som er godkjente av kommunestyre. For å få fram slike planar kan det vera nyttig å setta ned ei gruppe som ser på ulike løysingar og som kjem med ulike utbyggingsmodellar. Desse må utviklast saman med representantar for næringslivet og eigarane av sentrumsarealet.

Det har vidare vore sett på organisering av næringsarbeidet gjennom felles møte mellom Leikanger kommune, Leikanger næringshagen og Opplev Leikanger. Ei arbeidsgruppe, Einar Skram Husabø og Per Holen, har arbeidd fram eit framlegg til modell for samarbeidet, og det vert lagt fram sak på dette i kommunestyremøte i september.

Mitt framlegg til framdrift i denne saka er at administrasjon legg fram sak for kommunestyre, der det vert utarbeidd framlegg til mandat for eitt slikt arbeid, storleik på ei eventuell gruppe, og mulige finansieringsmodell.

Kommunestyre ber administrasjon leggja fram slik sak.

Til: **Leikanger kommune v/ ordførar Olav Lunden**

Frå: **Kommunestyrerepresentant Tobias Dahle**

Dato: 2. juni 2010

INTERPELLASJON - ETABLERING AV UTVIKLINGSPROSJEKT

Eg ønskjer å fremje følgjande interpellasjon i kommunestyremøtet:

Vi er inne i ei svært positiv utvikling når det gjeld talet på offentlege arbeidsplassar i Leikanger kommune. Tal frå Fylkesmannen tyder på at det kan kome så mykje som 50-60 nye arbeidsplassar i løpet av dette året. Det kjem på toppen av ei fin utvikling i tida vi har bak oss òg.

Etter mitt syn har vi ikkje klart å utnytte denne utviklinga godt nok, i den forstand at vi ikkje har hatt ein tilsvarande utvikling i folketalet. Utviklinga av nye arbeidsplassar er positivt for heile regionen, og i det perspektivet er det ikkje det viktigaste om nye tilsette buset seg her eller i nabokommunane. Likevel er det mange gode grunnar til å ta på alvor det vi sette som eit overordna mål då vi rullerte kommuneplanen; Ein auke i folketalet.

Eg meiner òg at vi som vertskommune for ei rekkje offentlege etatar bør bidra aktivt til at desse kan utvikle seg vidare. Ein føresetnad for utvikling er å kunne rekruttere kompetent arbeidskraft. Kommunen bør difor samarbeide med etatane og dei private bedriftene om å gjere Leikanger til enno meir ein attraktiv stad å finne seg arbeid og bu i.

Frå kommunen si side handlar dette m.a. om å kunne tilfredsstille trongen for bustad. Bustadsituasjonen i Leikanger er vanskeleg for tida. Eg har fått tilbakemelding frå arbeidsgjevarar som seier at bustadmangelen gjer det svært utfordrande å rekruttere arbeidskraft som er busett utanfor regionen. *Eg kjenner og til fleire døme på privatpersonar som ønskjer å bygge i Leikanger, men der mangel på tomter gjer dette svært vanskeleg.*

Som kommunestyrerepresentant er eg kjent med at det er under utvikling ein del bustadprosjekt, sjølv om det enno vil gå ei tid før nokre av desse kan realiserast. Eg meiner at det er så viktig å ha eit så sterkt trykk på dette no, at eg føreslår at kommunen etablerer eit eige utviklingsprosjekt.

Som ein del av prosjektet bør det engasjerast ein prosjektleiar i full stilling for ein periode på 2-3 år *organisert som ein del av Leikanger Næringshage*. Den viktigaste oppgåva til vedkomande vil vere å ivareta ei rolle som pådrivar for å realisere tomte- og bustadprosjekt, m.a. leigebustadar. Vedkomande bør òg kunne ta på seg oppgåver som er retta mot annan næringsutvikling.

Eg ser føre meg at prosjektleiaren skal arbeide med følgjande oppgåver

- Skapa idèar og ta initiativ til tomte- og bustadprosjekt
- Vere pådrivar overfor investorar, næringsdrivande, privatpersonar og andre som kan ha aktuelle prosjekt
- Skape arenaer for samhandling mellom ulike aktørar
- Halde ein god kontakt med arbeidsgjevarane om utviklingsprosjekt
- Fremja samarbeid mellom kommunen, offentlege etatar og andre næringsinteresser
- Bidra i marknadsføringa av næringslivet og kommunen

Tobias Dahle
Kommunestyrerepresentant

Kommunestyremøte 17.06.10

Svar på interpellasjon – etablering av utviklingsprosjekt – framsett av kommunestyrerepresentant Tobias Dahle av 02. juni 2010.

Som det går fram av interpellasjon er vi inne i ei svært positiv utvikling på offentlege arbeidsplassar i Leikanger.

Eg er vidare svært samd i at det er svært viktig for kommunen at mange også busette seg her. Dette gjev større inntekter og eit større mangfald blant innbyggerane våre.

Leikanger kommune gav Leikanger Næringshage eit oppdrag i 2009 om å registrera og formidla husvære som har vore ledig. Vi har gjennom dette prosjektet fått fram fleire salgs- og utleigebueiningar.

Fleire private er no i startgropa på byggeprosjekt for fleire leilegheiter og bustadar, og det kan sjå ut til at vi vil ha meir nytte av ein næringsutviklar.

Kommunen har søkt bulystmidlar og dette nå ein sjå inn i ein slik samanheng.

Framlegg til framdrift i saka er at administrasjon legg fram sak for kommunestyre der ein ser på behovet for eit slikt prosjekt, tid for prosjektet og finansiering.

Kommunestyret ber administrasjon legga fram slik sak.